



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Kvalitet i barnehagen

Quality in kindergarten

**Kandidatnummer 215**

**Kristin Bendiksen Haugland**

ABLU3-1006 Bacheloroppgåve

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Astrid Reidun Berglid Bakken

07.01.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Innholdsliste:

<b>1.0 Innleing</b> .....	S. 3
1.1 Problemstilling med avgrensing.....	S. 3
1.2 Val av metode.....	S. 3
1.3 Omgrepssavklaring.....	S. 4
<b>2.0 Teori</b> .....	S. 4
2.1 Kva seier styringsdokumenta om kvalitet?.....	S. 5
2.2 Strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet.....	S. 5
2.3 Starten på kvalitetsarbeid i barnehagen.....	S. 5
2.4 Kvalitet i barnehagen.....	S. 6
2.5 Kompetanse.....	S. 7
2.6 Bemanningsnorm.....	S. 9
<b>3.0 Metode</b> .....	S. 10
3.1 Val av metode.....	S. 10
3.2 Val av informantar.....	S. 11
3.3 Datainnsamling.....	S. 11
3.4 Etske omsyn.....	S. 11
3.5 Reliabilitet og validitet.....	S. 12
<b>4.0 Empiri</b> .....	S. 12
4.1 Kva er kvalitet i barnehagen?.....	S. 13
4.2 Kvifor treng vi god kvalitet i barnehagen?.....	S. 13
4.3 Korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet i barnehagen?.....	S. 13
4.4 Har barnehagen ein reflekterande kultur?.....	S. 14
4.5 Kompetanse og kompetanseheving.....	S. 14
4.6 Engasjement.....	S. 15
4.7 Kommune og stat, tek dei ansvar? Kva meiner informantane?.....	S. 15
<b>5.0 Drøfting</b> .....	S. 16
5.1 Kva er kvalitet i barnehagen, og kvifor treng vi kvalitet i barnehagen?.....	S. 16
5.2 Korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet i barnehagen?.....	S. 17
5.3 Kompetanse, kompetanseheving og engasjement.....	S. 19
5.4 Kommune og stat, tek dei ansvar? Kva meiner informantane?.....	S. 20
<b>6.0 Avslutting</b> .....	S. 21
Litteraturliste.....	S. 23

Vedlegg 1: Intervjuguide.....S. 25

Vedlegg 2: Informasjonsbrev.....S. 26

## 1.0 Innleiing

Interessa for kvalitet kom etter at eg starta studiet og byrja å jobbe i barnehage. Servicen til kundar frå tidlegare arbeidsplassar, skulle no ytast til barna. I kvardagen er det mest barna som skal ha service. Barna skal trivast i barnehagen, dei skal få den omsorga dei treng, dei skal føla meistring, dei skal læra og dei skal leika. Foreldra skal ha sin del service i kvardagen og. Dei skal føla seg trygge på at deira barn vert sett, høyrte og respektert, og at som tilsett i barnehagen gjer mine kollegaer og eg det vi kan for at barna skal utvikla seg slik dei skal, verta sosialiserte, klare for skulegang og livet elles. Kvardagen i barnehagen er hektisk, og refleksjonane over kvalitet er mange. Har eg sett alle barna i dag? Har alle følt seg trygge og fått den omsorga dei treng? Mykje ser så flott ut i teorien, men er verkelegheita like flott? Dette har vekt interesse i løpet av studietida, så det er dette denne bachelor oppgåva vil handle om.

### 1.1 Problemstilling med avgrensing

*«Kva er god kvalitet i barnehagen, og korleis kan personalet jobbe for å sikre god kvalitet?»*

Kva er god kvalitet i barnehagen? Har dei som jobbar i barnehagen same syn på kva kvalitet i barnehagen er? Tenkjer dei på det kvar dag? Korleis jobbar dei for å sikre god kvalitet?

Det er fleire ein må tenkje på når det er snakk om kvalitet. Eigarane av barnehagane, kommunen og nasjonale myndigheiter krev òg kvalitet i barnehagen. I oppgåva vil fokuset bli retta mot barna, men kjem også inn på foreldre, stat og kommune.

Prosesskvalitet blir lagt mest vekt på i denne oppgåva, men strukturkvalitet og resultatkvalitet er òg med, då desse er avhengige av kvarandre. Dette kjem det meir om i del 2.

### 1.2 Val av metode

Intervju vil bli nytta som metode for å finne svar på problemstillinga. Fire informantar er spurt; to pedagogiske leiarar, ein fagarbeidar og ein assistent. Alle jobbar i same barnehage. Det blir interessant og sjå kva informantane svarar på spørsmåla. Kva vil dei vektleggje som kvalitet i barnehagen, korleis jobbar dei med kvalitet, og er det noko dei har fokus på i kvardagen? Jobbar dei for å heve kvaliteten, eller tykkjer dei den er god nok? Blir svara veldig ulike? Er det stor skilnad på svara frå dei pedagogiske leiarane og fagarbeidar/assistent? Er fokuset på kvalitet i barnehagen stort? Er det noko som alle jobbar med og har tankar om?

### 1.3 Omgrepsavklaring

**Kvalitet:** Dersom ein snakkar om ei teneste eller ein gjenstand, så er kvalitet at krava og forventningane som brukaren har, vert dekkja (Gundersen og Halbo, 2018).

**Kvalitet** brukast til dømes om eigenskap ved eit tilbod. Det er innhaldet ein snakkar om, så kvalitet i barnehagen vil variera ut i frå kven ein spør, om det er barna, foreldra, dei tilsette, eigarar, myndigheiter eller samfunnet (Larsen og Slåtten, 2017, s. 220).

**Kvalitet** i barnehagen kan oppnåast ved å ivareta barna sin leik og trivsel, sosiale utvikling og knyte venskap med andre barn (Larsen og Slåtten, 2017, s. 222).

**God kvalitet:** Den fyrste rammeplanen kom i 1996 for å sikra barna eit likeverdige tilbod av god kvalitet i alle barnehagar. Barnehagelova (Barnehageloven, 2018) og rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 1996 og 2017) er statlege føringar som er gitt for å sikra ein god kvalitet i barnehagetilbodet, og at barnehagen sitt samfunnsmandat vert oppfylt. Forsking antyder at nokon av dei viktigaste faktorane for å fremja utviklinga til barna er samspel mellom vaksne og barn, dei vaksne skal vera tilgjengelege, omsorgsfulle og høyra på det barna har å sei. Det trengs eit personale som er utdanna og som er engasjerte i jobben med barn. Grupper som ikkje er større enn at dei vaksne kan ha eit godt samspel med barna. Det må vera ei utvikling på personalet som sikrar kontinuitet, stabilitet og stadige forbetringar, og kontroll som sikrar ei konsistent behandling. For å kunne vurdere og utvikla kvaliteten er ein tett og systematisk kontakt med heimen nødvendig. (KD, 2009, s. 8). Den daglege dialogen mellom foreldre og barnehage er med på å bidra til god kvalitet for kvart enkelt barn. Gode rutinar for korleis ein utvekslar informasjon kan bidra til at alle foreldre vert likt behandla (KD, 2009, s.37). Tryggleik og trivsel er føresetnad for barna sin livskvalitet og for læringsmoglegheita deira. Ein barndom som er god er viktig for det vidare livsløpet, difor er eit godt barnehagetilbod eit viktig tiltak for å sikra barna eit godt utgangspunkt til skulestart (KD, 2009, s. 7).

## 2.0 Presentasjon av teori og kjelder

Teori frå nyare tider om tema var ikkje lett å finne. Det finnes ein del på internett, særleg på regjeringen.no og udir.no, så det er tydeleg at det stadig vert forska på og jobba med kvalitet i barnehagen. Mykje er henta ut i frå internett ettersom det er der den nyaste teorien er, men noko er henta frå bøker, nokon frå seinare år, nokon som framleis er relevant for tema sjølv om det ikkje er skrive dei siste åra.

## **2.1 Barnehagelova og rammeplan om kvalitet**

Barnehagelova (Barnehageloven, 2018) seier ikkje noko om kvalitet, men lova i seg sjølv er for å sikre god kvalitet i alle barnehagar. Lova gjeld for alle barnehagar i landet, og har føringar for korleis barnehagane skal styrast. Det er krav til pedagogisk utdanna styrar og pedagogiske leiarar, og ei bemanning som er tilstrekkeleg til å drive tilfredsstillande pedagogisk verksemd (Barnehagelova, 2018, § 17 og 17 a).

Rammeplanen (KD, 2017) seier mindre om kvalitet enn rammeplanen frå 2011. Rammeplanen (KD, 2017) seier at barnehageeigar har juridisk ansvar for kvaliteten på barnehagetilbodet, og at det trengs eit kompetent pedagogisk personale for å kunne gje barnehagetilbod av god kvalitet (KD, 2017, s. 15). Rammeplanen er styringsdokument for barnehagen som personalet skal forholde seg til, og det står i barnehagelova § 2 ledd 7, at departementet fastset reglar om barnehagen sitt innhald og oppgåver ved forskrift (Barnehageloven, 2018, § 2).

## **2.2 Strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet**

Kvalitet kan delast inn i desse tre områda: strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet.

Strukturkvalitet dreier seg til dømes om personaltettheit og kompetansen til personalet, arealet til barnehagen og størrelsen til gruppene. Strukturkvaliteten legg til rette for, eller avgrensar prosesskvaliteten, som er gode relasjonar og samhandling mellom barn og vaksne, eller barn og barn. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen kjem og innunder prosesskvaliteten. Det ein ynskjer å oppnå med kvalitetsarbeidet og som er knytt opp mot rammeplan (KD, 2017) og barnehagelova (Barnehageloven, 2018) er resultatkvaliteten. Til dømes barna si utvikling, både språkleg, kognitivt og sosialt, og trivselen deira i barnehagen. Strukturkvaliteten, utdanning og kompetanse til personalet påverkar samspelet mellom barn og vaksne, altså prosesskvaliteten som har stor betydning for barna sin trivsel og utvikling som er resultatkvaliteten (Utdanningsdirektoratet, 2017).

## **2.3 Kvalitet i barnehagen**

Kva er kvalitet i barnehagen? Det kan ein få mange ulike svar på, ut i frå kven ein spør. To ulike definisjonar på barnehagekvalitet:

*«Med barnehagekvalitet menes barnas, foreldrenes og de ansattes oppfatninger av og erfaringer med barnehagen og i hvilken grad barnehagen oppfyller faglige og samfunnsmessige kriterier på hva en god barnehage er» (Søbstad, 2002, s. 17, i Kvistad og Søbstad, 2005, s. 29).*

Både barn og foreldre har ein lovfesta rett til medverknad i barnehagen. Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO) sin definisjon på kvalitet i den samanheng omformulerast slik:

«Kvalitet er helheten av egenskaper en barnehage har, som vedrører barnehagens evne til å tilfredsstille barnas, foreldrenes og samfunnets uttalte og underforståtte behov» (NOU, 2012, s. 56).

I Søbstad sin definisjon er det barna, foreldra og dei tilsette som er dei som er peika ut som viktige aktørar når ein skal studera kvaliteten i barnehagen, samstundes som dei faglege og samfunnsmessige krava ein kan stille til barnehagen er med. Definisjonen er balansert mellom det aktørane opplever av kvalitet i barnehagen med dei krava som samfunnet stiller barnehagen (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 29). Denne definisjonen inneheld to hovudperspektiv. Det er opplevingskvalitet, den relative opplevinga av kvalitet som er aktørane sine subjektive erfaringar og opplevingar av barnehagen. Det andre perspektivet er kriteriekvaliteten, som er kriteria fagfolk eller samfunnet ynskjer av kvalitet frå barnehagen, dette er den normative delen av kvalitetstenkinga. Kriteriekvaliteten kan vera basert på forskning, verdiar eller debatt om kvaliteten i barnehagen (Kvistad og Søbstad, 2005, s.31). Pedagogisk grunnsyn er eit omgrep som vert brukt i barnehagen. Med det meiner ein «den virkelighetsoppfatning, de kunnskaper, verdier og holdninger som ligger til grunn for pedagogisk virksomhet» (Lillemyr og Søbstad, 1993, s. 87, i Kvistad og Søbstad, 2005, s. 31). Så i arbeidet med kvalitetskriteriar i barnehagen, må ein tenkja på kva ideal og verdiar som er nedfelt i rammeplanen (KD, 2017) og barnehagelova (Barnehageloven, 2018), samstundes som ein må ha det klart for seg kva ein sjølv står for (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 31).

Betydninga barnehagen har for barna si utvikling og læring, resultatkvaliteten, er forska på både internasjonalt og i Noreg. Noko av funna frå forskinga er at kompetansen til personalet, strukturkvaliteten, har stor betydning for kvaliteten på barnehagetilbodet, og at kvaliteten på samhandlinga og relasjonane mellom barn og vaksne, prosesskvaliteten, er særskild viktig for barna sin trivsel og læring. Samstundes viser det at god kvalitet i barnehagetilbodet er særskild viktig for språkutviklinga til barna og barna si generelle utvikling, resultatkvaliteten. Det er og samfunnsøkonomisk gevinst i å setja inn ressursar tidleg i barnehage av god kvalitet i staden for å måtte setja inn kompensierende tiltak på eit seinare tidspunkt (KD, 2016, s. 12).

I 1999 føretok OECD (Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling) ein sokalla Country Policy Review av barnehagepolitikken i Noreg, og den vart gjentatt i 2014. I rapporten som OECD leverte i 2015 rosar dei Noreg for fleire ting, blant anna den store barnehageutbygginga og innføring av rett til barnehageplass for alle barn. Samstundes peika dei på at tilbodet til sårbare grupper bør betrast, det er mangel på kvalifisert personale, det å jobba i barnehage har låg status og lønn, og det er mangel på karrieremoglegheiter (KD, 2016, s. 13).

## **2.4 Starten på kvalitetsarbeid i barnehagen**

St. meld. nr. 27 1999 – 2000 «Barnehage til beste for barn og foreldre», presenterte ei målretta satsing på kvalitetsutviklinga i barnehagen. Stortingsmeldinga var oppteken av vurderingsarbeid og

kompetanseutvikling. «Den gode barnehage» vart namnet på kvalitetssatsinga, og den skulle gå føre seg i 2001 – 2003. Målet var at alle barnehagar skulle laga eit system og etablere ulike reiskap for å oppretthalda og sikra kvaliteten, og samstundes vidareutvikla barnehagen sin kvalitet før 2003 var omme. Tre tema peika seg ut, det var barnehage til alle, barnehagar som er brukartilpassa og kompetent personale. Barnehage til alle handlar om at det skal vera eit tilbod til alle barn, uansett kor ein bur, økonomi og kultur. Barnehagar som er brukartilpassa handlar om samarbeidet med foreldra og barna. Barnehagane skal utviklast i samarbeid med dei. Tilbodet må og vera brukar og serviceorientert, og variert når det gjeld pedagogisk arbeid og opnings- /opphaldstider. Barna sitt behov for tryggleik, omsorg og læring skal og takast hand om i barnehagen. For å lukkast med kvalitetsutviklinga i barnehagen treng ein eit kompetent personale. Personalet skal møta barn og foreldre med openheit, innsikt og forståing, dei skal tora å bruka seg sjølv, og vera ein god rollemodell for barn og vaksne. Samstundes skal ein vera profesjonell, men det på ein menneskeleg, ærleg og engasjert måte. Ein skal og vera brubyggjar mellom dei ulike kulturane i barnehagen. Som personale i barnehage skal ein ha ei yrkesglede og ein må ha moglegheit for personleg vekst og utvikling. Eit stabilt personale er eit mål i kvalitetssikringa (Barne og familiedepartementet, 2005, i Borg, 2008, s. 14-15).

## 2.5 Kompetanse

*«Kompetanse er summen av de kunnskaper, ferdigheter, holdninger og erfaringer som finnes hos den enkelte arbeidstaker og virksomheten i sin helhet. Kompetanseoppbygging er å sikre kvaliteten i barnehagen og utvikle den gjennom å utnytte, styrke og fornye personalets kunnskaper»* (Rammeplan for barnehagen 1995 s. 137 i Kvistad og Søbstad, 2005, s. 112).

Å arbeide saman med barn krev vaksne med evne til å leve seg inn i leiken, reflektere, som har omsorg for barna. Vaksne som kan lytte og anerkjenna. Vaksne som har humor og glede. Å arbeide med barn krev kompetente vaksne (Pape, 2002, s. 67)

Regjeringa si satsing på kvalitet i barnehagen, forutset at barnehagen har eit personale med høg kompetanse, strukturkvalitet. Personalet må ha kunnskap om barna si utvikling, den pedagogiske verksemda og samfunnsmandatet som barnehagen har, for å nå målet som er ein god start for alle barn (Behrens og Skybakmoen, 2010, s. 225).

Barnehagelova (Barnehagelova, 2018, § 17 og 17 a) sett krav om formell kompetanse for styrarar og pedagogiske leiarar, men ikkje for anna personale. Det er likevel eit krav om at bemanninga skal vera tilstrekkeleg for å kunna driva ei pedagogisk verksemd som er tilfredsstillande med krava i barnehagelova og rammeplanen (KD, 2009. s. 29). Barnehagen er ein lærande organisasjon, det vil seia at alle medlemmene i organisasjonen stadig hentar inn ny lærdom, og bruker denne kunnskapen til å skaffe seg



endå meir kunnskap, og det er stadig nye krav og utfordringar som ein skal vera i stand til å møte. Det krev at personalet stadig utviklar kompetansen sin (KD, 2009, s.29). Departementet utvikla i 2006 «Kompetanse i barnehagen – strategi for kompetanseutvikling i barnehagesektoren 2007-2010» (kompetansestrategien) i forbindelse med innføring av revidert rammeplan (KD, 2009, s.29). Den vart vidareført, og kunnskapsdepartementet lanserte i 2013 «Kompetanseplan for framtidens barnehage», den er revidert, og gjeld for perioden 2018 – 2022. Målet med kompetansestrategien er: «å sikre alle barn et barnehagetilbud av høy kvalitet» (KD, 2017, s. 7).

I kompetansestrategien 2018 – 2022 er det og fleire delmål. Delen av barnehagelærarar skal aukast, det same skal delen med barne- og ungdomsarbeidarar. Alle tilsette i barnehagen skal få moglegheit til å vidareutdanna seg, og det skal verta ein større del med barnehagelærarar med mastergrad. Alle barnehagar skal utvikla den pedagogiske praksisen sin gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Målgruppa er alle som arbeider direkte med barn i barnehagen, altså alle tilsette. Men alle aktørar som har noko med ein barnehage å gjera, blant anna: Utdanningsdirektoratet, Fylkesmannen, universitet, høgskular og foreldreutvalet for barnehagar (FUB), med fleire, skal alle saman kjenna til innhaldet i strategien og hjelpa til slik at måla vert nådde (KD. 2017 s. 7).

Dei tilsette i barnehagen har ei sentral rolle i livet til barna og resten av familien deira. Åra i barnehagen er avgjerande for barna si vidare utvikling. Rammeplanen (KD, 2017) seier korleis personalet skal jobba for at barna skal ha gode utviklingsmoglegheiter. Personalet har og ei aktiv rolle i læringsprosessen til barna. Dei må visa engasjement og oppfinnsamheit for å vekke interessa hjå barna, og dela kunnskapen dei har. Samspelet mellom personalet og barna, kvaliteten der, har mykje å seia for barna sin læring. Personalet skal møte alle barn med omsorg og respekt. Dei skal gje barna eit læringsmiljø som er tilpassa kvar enkelt barn sin alder og funksjonsnivå, og gje dei utfordringar som høver. For å klare dette må personalet ha kunnskap om barn si utvikling og læringsstrategiar. Dette gjer ei pedagogisk verksemd som gjer alle barn moglegheit til å utvikla seg slik dei skal. Ein må og ha kunnskap for å kunne oppdaga om det er nokon som treng ekstra støtte, og for gje hjelp til barn med særskilde behov raskt (KD, 2009, s. 22).

Tilsette i barnehagen må reflektera over sin eigen kompetanse, tenkja over kva ein er god på, kva er kvalitetane i samspel med barn, kva meistrar ein bra? Med praksisforteljingar kan ein åleine eller saman med kollegaer reflektera over kva som er bra og kva som kan endrast (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 111).

Å kunne reflektera kritisk over eigen praksis, og justera denne under rettleiing er og ein generell kompetanse ein som studere til barnehagelærar skal ha (KD, 2012).

Her viser det at strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet høyrer saman, kompetansen til dei tilsette er viktig for samspelet mellom vaksne og barn, som igjen er avgjerande for trivselen og utviklinga til

barna. Sagt på ein anna måte, strukturkvalitet er viktig for prosesskvaliteten som ein må ha for å få resultat-kvalitet (Udir. 2017).

## 2.6 Bemanningsnorm

I barnehagelova §18 står det at bemanninga skal vera tilstrekkeleg slik at ein kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Minstekravet er ein tilsett per tre barn under 3 år, og ein tilsett per seks barn over 3 år (barnehagelova, 2018, §18). Det står og i § 1 Norm for pedagogisk bemanning i forskrift om pedagogisk bemanning, at det skal vera ein pedagogisk leiar pr. 7 barn under 3 år og ein pr. 14 barn over 3 år. Eit ekstra barn over det krev ein full stilling til som pedagogisk leiar (Barnehagelova, 2018, § 1 forskrifter om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager).

Å prega andre tek tid. Personalet i barnehagen treng difor mykje tid for å hjelpe barna til god utvikling (Ritchie & Howes, 2003, i Kvello, 2010). Kvello skriv og at det er studiar frå Israel og Nederland som viser at mange barn pr. vaksen (5 og oppover) aukar apati, det er meir aggressiv åtferd, dårleg score på språk- og utviklingstestar med meir. Der det er færre barn pr. tilsett (hovudansvar for 3 barn) var samspelet mellom barna var meir prega av sensitivitet, og det var meir nyansert respons på det som barna uttrykte. Dei tilsette var og meir omsorgsfulle, og dei viste fleire positive enn negative følelsar. Aktivitetane var og meir varierte og personalet var meir oppmuntrande overfor barna (Deynoot-Schaub & Riksen- Walgraven 2006, Koren- Karie et al. 2005, Schipper et al. 2006 i Kvello, 2010, s. 28).

GoBaN står for «Gode barnehager for barn i Norge», det største forskningsprosjektet innan barnehagefeltet. Dei har gjort undersøkingar i fleire barnehagar i Bergen, der dei har opp mot 50% barnehagelærarar i personalgruppa. Intervjua dei gjorde blant dei tilsette i barnehagen viste at med fleire barnehagelærarar vart det meir fagkunne i det direkte arbeidet med barna, og at barnehagelærarane var rollemodellar for fagarbeidarar og assistentar, som tok lærdom av samspelet mellom barnehagelærarar og barna. Også utanfor det direkte arbeidet med barna var fagkunna meir tydeleg enn før. Det var meir faglege diskusjonar og rettleiing av andre tilsette. Men ikkje alt var positivt med fleire barnehagelærarar, organisering av plantid kunne skapa problem, og sjølvverdet for dei andre tilsette vart redusert når det var så stort fokus på barnehagelærarane over lengre tid. Undersøkinga viser at barnehagar med auka del barnehagelærarar har ein relativt god prosesskvalitet, altså samspelet mellom barn og vaksne er særst bra og språkmiljøet er bra (Bjørnstad og Kleppe, 2019, s 11-12).

## 3.0 Metode

«En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet hører med i arsenalet av metoder» vert sosiologen Vilhelm Aubert sitert i Dalland (2017, s. 51). Metoden hjelpe ein å samla inn data, den informasjon ein treng til undersøkinga si (Dalland, 2017 s. 52).

Det er kvalitative metodar og kvantitative metodar. Kvantitative metodar gjev oss data i form av einingar som er målbare. Kvalitative metodar vil fanga opp meininga og opplevingane som ein ikkje kan måle eller lar seg talfesta (Dalland, 2017 s. 52).

Kvalitativ metode var valt for å få svar på problemstillinga i denne oppgåva, så i dette kapittelet vil det kome meir om kvalitativ metode, val av informantar, datainnsamling, etiske omsyn og reliabilitet og validitet.

### 3.1 Intervju som metode

Kvalitativ metode vert nytta for å finne svar på problemstillinga. Intervju vart valt som metode for å kunne gå i djupna. Andre metodar er til dømes spørjeskjema og observasjon. Eit kvalitativt intervju kan vera meir eller mindre strukturert, altså tilrettelagt på førehand.

Eit ustrukturert intervju eller ope intervju er uformelt. Det har opne spørsmål rundt eit tema som er bestemt på førehand, men spørsmåla er ikkje tilrettelagt på førehand (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 78). Vidare seier dei at sjølve intervjuet kan minna meir om ein samtale. Det er ein uformell atmosfære rundt intervjuet, noko som kan gjere det lettare for intervjupersonen å snakke. Eit semistrukturert eller delvis strukturert intervju er det ein intervjuguide som eit utgangspunkt, men tema, spørsmål og rekkefølge er ikkje bestemt. Det strukturerte intervjuet har fastlagde tema, spørsmål og rekkefølge på spørsmåla er fastlagde. Eit strukturert intervju kan minne om eit spørjeskjema, men i intervjuet er spørsmåla stort sett opne, det er ikkje formulert svaralternativ på førehand. I eit intervju svarar informantane på spørsmålet med eigne ord, intervjuaren har mindre innverknad på kva svar informantane gjev. I eit strukturert intervju med faste svar alternativ, kryssar forskarane av på svara (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 78-79). Valet falt på strukturert intervju, for å holde meg til intervjuguiden med opne spørsmål, og stille dei i same rekkefølge til alle, kunne stille oppfølgingsspørsmål, for å kunne tolke, og analysere svara i etterkant.

### **3.2 Val av informantar**

Ved kvalitative intervju vel ein ut informantane i eit strategisk val, med tanke på å få dei nødvendige data i undersøkinga (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 50). For å få svar på spørsmåla mine, falt valet på to pedagogiske leiarar, ei som har jobba i mange år, ein litt ferskare i faget, ein fagarbeidar og ein assistent. Alle 4 jobba i den same barnehagen. Dette for å få svar frå alle arbeidsgruppene i barnehagen, for å høyra om det var stor forskjell på deira meiningar om temaet. Rekruttering av informantar er neste steg. Informantar er ikkje alltid like lett å få tak i. Det kan vera fordi dei ikkje har tid, eller fordi det kan vera opprivande å utlevera seg sjølv og jobben sin. Det kan vera nyttig å bruka eit eksisterande nettverk, som kollegaer, venner eller andre kjente, for å grunnleggjande informasjon og koma inn på feltet (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 53). Det er nok viktig å formulera seg rett, og på ein positiv måte for å få informantar til å stille til intervju, og det hjelper nok med ei problemstilling der ein vil finna ut noko positivt om barnehagekvardagen til dømes enn der ein vil fokusere på det negative.

### **3.3 Datainnsamling**

Fyrste kontakt var med styrar i barnehagen som vidareformidla til personalet, og spurte om nokon ville stille til intervju, neste steg var kontakt direkte med informantane som var aktuelle. Innleiinga av intervjuet var å informere om temaet, kor mange spørsmål, at dei kunne trekkje seg dersom dei ville utan å måtta grunngje kvifor. Dei vart stilt dei same spørsmåla, og i same rekkefylja. Viss svara var litt korte, så vart det stilt oppfylgningsspørsmål om dei kunne forklara meir om kva/kvifor/korleis, slik at dei greidde meir ut om temaet. Intervjuet føregjekk på eit arbeidsrom i barnehagen der dei jobba, som ligg avskjerma til og utan forstyrningar. Fyrst ut var pedagogisk leiar som har jobba lengst, så pedagogisk leiar som har jobba nokre få år. Veka etter vart fagarbeidar og assistent intervjuet. Alle intervjuet vart tatt opp på bandopptakar for å få presise data å jobba vidare med. Intervjuet blei transkribert og sletta frå bandopptakaren same dag intervjuet vart gjort.

### **3.4 Ethiske omsyn**

Alle informantar vart før intervjuet starta informert om mi teieplikt, og at informasjon som vart samla inn under intervjuet berre kan brukast i samband med denne oppgåva (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 46). Bruk av bandopptakar vart det informert om, samstundes som det vart gjort klart at alt skulle transkriberast same dag og slettast. All informasjon dei gav er anonym, ingen namn eller alder på informantar eller arbeidsplassen deira er nedskriven nokon plass.

Personopplysningslova stiller krav om samtykke, dersom enkeltpersonar kan identifiserast (Christoffersen og Johannesen, 2012, s. 45). Ingen kan identifiserast her, det er heller ikkje henta inn skriftlege samtykke, for å unngå å ha namna nedskrive nokon plass.

### 3.5 Reliabilitet og validitet

Reliabilitet handlar om kor nøyaktig og påliteleg innsamling av data er, korleis innsamlinga vert omarbeid og eventuelle feilmarginar vert angitt. Det kan oppstå ulike feilkjelder i ein intervjusituasjon, om spørsmåla blir tolka på ein an måte enn kva intervjuaren ville fram til, og intervjuaren må forstå svara riktig, det kan fort skje at intervjuaren tolkar svaret på ein an måte enn informanten meinte, skriv feil i notat eller når intervjuet skal transkriberast (Dalland, 2017, s. 40)

Validitet tyder gyldigheit og relevans. Det som skal målast må ha relevans for problemet som skal undersøkast, så intervju som vart gjort må ha ein validitet for problemstillinga (Dalland, 2017, s. 40). Informantane i mi oppgåve vart valde ut for å få svar frå både pedagogar, fagarbeidar og assistent, for alle gjer ein viktig jobb for kvaliteten i barnehagen, dei ser gjerne ulikt på kva som er god kvalitet, og jobbar kanskje på forskjellige måtar for å ha ein god kvalitet i barnehagen.

## 4.0 Empiri

Empiri, eller data som vart samla inn under intervju skal no analyserast og tolkast. Det vert lagt vekt på det som har mest å seia for å finne svar på problemstillinga: «Kva er god kvalitet i barnehagen og korleis kan personalet jobba for å sikre god kvalitet i barnehagen?» Informantane vert omtala som pedagogisk leiar 1, pedagogisk leiar 2, fagarbeidar og assistent.

Tittel	Utdanna	Erfaring
Pedagogisk leiar 1	1999	16 år som pedagogisk leiar
Pedagogisk leiar 2	2012	5 år som pedagogisk leiar
Fagarbeidar	2005	14 år
Assistent		31 år

Pedagogisk leiar 2 har jobba i informasjonsbarnehagen i om lag 2 år, dei andre over 10 år.

#### **4.1 Kva er god kvalitet i barnehagen?**

Svara var ulike, sjølv om fleire var innom litt av det same. Pedagog 1 svara: «Eg meiner det er god kvalitet når me sikra arbeidet me gjer, diskutera det pedagogiske arbeidet i barnehagen, når me er opne for tilbakemeldingar frå foreldre og er villige til å utvikla oss vidare». Pedagog 2 gav eit lengre svar, og var innom strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Dei la mest vekt på det pedagogiske arbeidet.

Fagarbeidaren var innom god dialog med foreldra, atmosfæren på avdelinga, at den er god, godt samarbeid mellom kollegaene, men det fyrste ho svarte var; «Tryggleik, omsorg, mykje latter, altså leik, at dei har det kjekt...». Assistenten var mest opptatt av trygge vaksne; «God kvalitet kan du ikkje få viss du ikkje er der med ungane, viss du ikkje er der for ungane. Det er det same kva du prøver å læra dei, du må få trygge ungar før dei i det heile tatt kan byrja å læra noko. Og då treng du gode, trygge og tydelege vaksne». Fagarbeidar og assistent gav uttrykk for at dei var mest oppteken av relasjonen mellom barn og vaksen, og kor mykje det har å seia for barna si vidare utvikling.

#### **4.2 Kvifor treng me god kvalitet i barnehagen?**

På spørsmålet om kvifor me treng god kvalitet i barnehagen svara pedagog 1 at det er for å vera konkurransedyktige i forhold til andre barnehagar, sikra ungane og tilbodet til dei, og sikra barna si vekst og utvikling. Ho nemner og at ein skal kunna vera stolt av det ein har gjort, dersom det kjem nokon som skal vurdera arbeidet/barnehagen. Pedagog 2 seier at barnehagen er jo under utdanningsdirektoratet, og ikkje berre ein oppbevaringsplass, så ein må ha meningsfylte dagar, og ein skal i samarbeid med foreldra oppdra barna, så då må det vera god kvalitet.

Fagarbeidar og assistent legg vekt på tryggleik, og gjera barna klar for livet etter barnehagen, at dei vert sjølvstendige og har ein god bagasje i ryggsekken. Fagarbeidar seier blant anna: «For å skapa trygge ungar, ungar som faktisk kan veksa opp og vera sjølvstendige og ha god bagasje i ryggsekken når motgangen kjem, for den vil jo komma ein dag...». Fagarbeidar og assistent seier dei er saman med barna heile dagen, har ikkje plantid eller møter å vera med på, så deira fokus er barna, og samtalar med foreldre i levere og hentesituasjonar.

#### **4.3 Korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet i barnehagen?**

For å sikre god kvalitet bruker pedagogane rammeplanen (KD, 2017) i planlegginga. Dei lagar månadsplanar med aktivitetar ut i frå halvtårsplan og årsplan, som igjen er laga ut i frå rammeplanen. Desse planane gjennomfører dei så godt dei kan, men begge pedagogiske leiarane seier at dei får ikkje gjennomført alt på

grunn av personalmangel. Pedagog 1 seier at ho må ofte vera på avdeling i staden for å gå til plantid for at det skal vera nok vaksne med barna, då dei ofte ikkje får vikar ved fråvær. Elles seier pedagog 2 at han er opptatt at å vera ein god rollemodell, for sine kollegaer og for barna. Og å ha ein open dialog med kollegaene, om korleis ein vil ha det, til dømes rutinar, korleis irettesetta barn og snakka til barn generelt, er det noko ein kan gjera på ein annan måte? Prøva ut og evaluera i etterkant for å finna ut om det var til det betre. Begge to seier at dei prøver å dokumentera det som vert gjort ved å ta bilete, skrive dagsrapport og månadsbrev, men det er ikkje godt nok, dei får ikkje gjort alt på grunn av tidsmangel.

Fagarbeidaren sitt svar: «Går det an å seia at ein tulla litt? Eg er grådig god på å tulla! Men eg veit når det skal vera alvor òg». Elles er ho oppteken a å gjera sitt beste og bruka den kompetansen ho har, sjå kvart barn, vera tett på dei og hjelpa dei med sine ting. Assistent svarar at ho tenkjer på barna sitt beste, og ho er der for ungane. Begge to svarar at dei prøver så godt det lar seg gjera å fylja planane som pedagogen har laga, det er ikkje alltid det let seg gjera, men stort sett, og dei dokumenterer med å ta bilde. Fagarbeidar legg til at det er ikkje alltid det skjer, ofte kjem dei på det når dei står med hendene fulle i maling.

#### **4.4 Har barnehagen ein reflekterande kultur?**

«Ja det vil eg sei, både på avdelingsmøter, ped. leiar møter med styrar og ikkje minst på personalmøter, det er høgt under taket!» svarar pedagog 1. Pedagog 2 seier at det er ein reflekterande kultur på avdelinga, der er dei flinke til å ta opp saker på avdelingsmøter, men og i kvardagen er dei flinke å snakke saman og reflektere over ulike saker. Elles er dei mykje på kvar sin kant i barnehagen, og ped. leiar møta som skal vera to gongar i månaden er det fyrste som går ut for å få kabalen til å gå opp. «Men når me fyrst samlast syns eg me er ein reflekterande gjeng og me har mange gode tankar og mykje me vil gjera. Men i ein travel kvardag blir me mykje på kvar vår kant og får ikkje tida som me har lysst å bruka på det».

Fagarbeidar og assistent seier at dei reflektera mykje på avdelingsmøta, og at det er viktig å reflektera, og å kunna seia ifrå om det er noko ein ikkje er nøyd med. Assistent seier at det er noko kvar og ein må gjera og. Ein må reflektera over kva ein driv med og kvifor.

#### **4.5 Kompetanse og kompetanseheving**

Har kompetansen til personalet noko å seia for kvaliteten i barnehagen? «Ja, absolutt! Tenke at me skulle hatt meir utdanna personale» seier pedagog 2. Han ynskjer og meir fagarbeidarar i staden for assistentar. Barnehagen er under utdanningsdirektoratet seier han, så det må jobbast pedagogisk, ikkje berre vera ein plass der barna er medan foreldra er på jobb. «Det er lettare å halde det faglege oppe om alle snakkar same språk» svarar pedagog 1. Dei har ikkje noko imot assistentane i barnehagen, dei gjer ein viktig jobb,

men nemner at det er viktig at dei har jobba nokre år, har god kompetanse med seg og er villige til å utvikla seg.

Fagarbeidar og assistent meiner det er viktig å ha nok personale med utdanning, men at det er like viktig med fagarbeidarar og assistentar. Fagarbeidaren set det litt på spissen og seier at ein assistent kan vera lika flink, og endå flinkare enn ein pedagogisk leiar, det kan og vera omvendt, det kjem an på kva barnesyn ein har. Ho seier og at ho tykkjer at det er viktig å ha alle inne, barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar, så ein kan utfylla med den kompetansen ein har. Assistenten peikar på at alle er ulike, har jobba ulike plassar og har mykje ulik og god kompetanse med seg, så det er mykje god kompetanse å henta der.

Kompetanseheving vert det jobba med seier dei alle saman, men det kunne vore betre. Det er kurs på enkelte planleggingsdagar, så vert det liksom gløymt igjen seier dei, det vert ikkje jobba noko med det i etterkant. Dei som har jobba der i fleire år seier at det var meir kurs før i tida. Pedagog 2 og fagarbeidar trur dei må fylgja litt med sjølve for å finna kurs dei vil delta på, så kan dei spørja styrar om å få reisa, det har berre ikkje vorte gjort endå. Assistenten nemner at dei pedagogiske leiarane får delta på nettverksmøter og oppdatera seg på det siste nye, og før i tida var det og nettverksmøter for assistentar, det er det diverre slutt på no.

#### **4.6 Engasjement**

På spørsmål om alle er engasjerte i jobben sin og jobbar for ein god kvalitet, får eg forskjellige reaksjonar. Pedagogane seier ja med ein gong, og meiner at alle er engasjerte. Pedagog 2 legg til at det for tida «ligg eit lokk av mattheit på toppen, mange er slitne» etter ei stund med sjukdom og litt vanskelege barnegrupper og organisering. Likevel gjer alle sitt beste.

Fagarbeidar kjem med eit høgt og tydeleg NEI, men føyer til at dei aller fleste er engasjerte og jobba for å ha ein god kvalitet. Ho seier at for å få ein god kvalitet i barnehagen så må ein vera med ungene, ein må lika å jobba med ungar, ikkje ha jobben berre for å ha ei inntekt og ein plass å vera. Det vert det dårleg atmosfære av, større belastning på dei andre og dårleg kvalitet. Assistenten ler og veit ikkje heilt korleis ho skal ordleggja seg, til slutt så seier ho at det går an å bli for engasjert og, medan ho ler vidare. Ho seier vidare at, «jau, dei fleste er nok engasjerte, men kanskje ikkje alle...»

#### **4.7 Kommune og stat, tek dei ansvar? Kva meiner informantane?**

På spørsmål om dei tykkjer kommunen tek ansvar for kvalitet i barnehagen er det forskjellige svar. Pedagog 1 svarar nei, og grunngjev svaret med at eit mobbeprogram dei starta med for nokre år sidan har stått på staden kvil i fleire år, det er ikkje vorte vidareutvikla slik som det vart sagt, og dokumenta er tungvinte å



bruka, og ikkje gjort noko med sjølv om dei har tatt det opp mange gonger. Pedagog 2 seier at kommunen gjer sikkert så godt dei kan, men reknar med dei har begrensa med midlar.

Fagarbeidar meiner dei kunne ha kuttet litt i lønn eller stillingar på kommunehuset og heller tilsett fleire i barnehagen. Assistenten meiner dei gjer sikker det dei kan, «men kor mykje veit dei om korleis det er i barnehagen? Dei viser seg jo sjeldan her?»

Bemanningsnorma er fastsett i Lov om barnehagar. Er den god nok? Svaret frå alle fire er eit klart nei. Her svarar alle det same, at det ser fint ut på papiret, men det er jo ikkje slik i praksis. Det er ikkje mange timane på dagen at bemanningsnorma er dekket. Dei seier at det er ikkje tatt høgde for at alle tilsette skal ha pause, pedagogane skal ha plantid, det er avdelingsmøte, ped. leiar møter, verneombudstid og arbeidsmiljøutval som stel tilsette vekk i frå avdelinga. Alt dette utan at det vert sett inn vikar.

På oppfylgings spørsmål om dei føler dei har nok tid kvar dag, til å sjå alle barna og jobba for ein god kvardag for alle barna, så er svaret frå dei alle, at dei kunne godt hatt fleire vaksne, for det er dagar der dei føler at dei ikkje får sett alle, og gjort alt det dei vil og som er planlagt. Pedagog 1 seier og at pedagogane har snakka om det seg i mellom at det av og til kjennest som ein barnepark, for ein får ikkje alltid tid til planleggingstida, ein må ha oppsyn med borna grunna sjukdom, og slikt blir det ikkje god kvalitet av seier ho. Det er dagar der ho går heim med kjensla av at ho ikkje har sett alle barna. Pedagog 2 seier det er ikkje kvar dag ein får sett alle, og vera med alle, men stort sett. Enkelte dagar er det anna som tek merksemda, men dei prøver å ha gruppetid og rullera på gruppene slik at alle får ein relasjon til kvarandre. Fagarbeidar og assistent seier at dei kunne godt vore fleire vaksne på jobb, slik at dei fekk gjort alle aktivitetar som er planlagde, men dei føler at dei ser alle kvar dag, sidan det er ei lite gruppa og dei er der heile tida utanom pausen.

## 5.0 Drøfting

I dette kapittelet skal svara på intervju drøftast opp mot teorien, og opp mot problemstillinga, som er: «Kva er god kvalitet i barnehagen og korleis kan personalet jobba for å sikra god kvalitet?».

Kva tankar har informantane om kvalitet i barnehagen? Er det samsvar med det som står skrive om kvalitet?

### 5.1 Kva er kvalitet i barnehagen og kvifor treng vi det?

Viser til kapittel 2.3 og Sjøbstad sin definisjon på kva kvalitet i barnehagen er: «Med barnehagekvalitet menes barnas, foreldrenes og de ansattes oppfatninger og erfaringer med barnehagen og i hvilken grad

*barnehagen oppfyller faglige og samfunnsmessige kriterier på hva en god barnehage er» (Søbstad, 2002, s. 17, i Kvistad og Søbstad, 2005, s. 29). Ikkje uventa gav informantane ulike svar på det spørsmålet. Ville blitt overraska om nokon kom med definisjonen til Søbstad til svar. Vi tenkjer ulikt om kva kvalitet er. I spørsmålet vart det lagt vekt på kva meiner DU er kvalitet. Fekk då dei tilsette sin oppfatning av kvalitet. Pedagogisk leiar 1 la vekt på det pedagogiske arbeidet, pedagogisk leiar 2 snakka om strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultat-kvalitet og kva det har å seia for kvardagen i barnehagen. Fagarbeidar og assistent la vekt på tryggleik, omsorg og læring. Dette står det skive om i stortingsmelding 19, 2015-2016, Tid for lek og læring. Det står der om forskning som er gjort både internasjonalt og i Noreg om kva strukturkvalitet og prosesskvalitet har å seia for barna si utvikling og læring. Strukturkvaliteten er særskild viktig for kvaliteten på barnehagetilbodet, og prosesskvaliteten, samhandling og relasjonar mellom barna og dei vaksne har mykje å seie for barna sin trivsel og læring, det er og særskild viktig for barna si språkutvikling og den generelle utviklinga (KD, 2016, s. 12). Så at dei vaksne er tett på barna og har god relasjon med dei, er der for dei og med dei, er særskild viktig, slik som pedagogisk leiar 2, fagarbeidar og assistent svarte på spørsmålet om kva god kvalitet er.*

Fagarbeidar og assistent sa det same opp igjen på spørsmålet om kvifor me treng god kvalitet i barnehagen. At barna føler seg trygge i barnehagen er viktig for utviklinga deira, at dei tør sleppa seg laus i leiken saman med andre barn, og vert sosialiserte. Dette vert skrive om i St.meld. 41 2008-2009, viser til kapittel 2.5 der det står at gode relasjonar er viktig og at personalet har ei aktiv rolle i læringsprosessen til barna. Dei skal gje barna eit læringsmiljø som er tilpassa kvar enkelt, og gje dei utfordringar som høver. For å få til dette må personalet ha kunnskap om barn si utvikling og læringsstrategiar. Personalet må visa engasjement og oppfinnsamheit for å vekke interessa til barna, og for å dela den kunnskapen dei har. Personalet skal og møte alle barn med omsorg og respekt (KD, 2009, s. 22). Her er deler av svaret til fagarbeidar og assistent, som påpeikar kor viktig det er med gode relasjonar, men og svaret til pedagogisk leiar 1 som legg vekt på det pedagogiske arbeidet i sitt svar på kva god kvalitet er, og kvifor me treng god kvalitet. Pedagogisk leiar 2 legg vekt på både relasjonar og pedagogisk arbeid i sitt svar, og seier at barnehagen ligg under utdanningsdirektoratet, så barnehagen er ikkje berre ein stad der barna skal vera medan foreldra er på jobb, dei skal og læra, utvikla seg, bli sosialiserte og klar for verden vidare. Det kjem og innunder det som står skrive i over her i frå stortingsmeldinga (KD, 2009, s. 22).

## **5.2 Korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet i barnehagen?**

Pedagogane svarta at dei bruker rammeplanen (KD, 2017) når dei skriv halvårsplanar og årsplanar. Ut i frå desse lagar dei månadsplanar med ulike aktivitetar som skal gje barna læring og meistring. Begge pedagogane seier at dei diverre ikkje får gjennomført alle planane på grunn av mangel på personale. Som

det står i kapittel 2.1, så er rammeplanen (KD, 2017) styringsdokument til barnehagen, så alle barnehagar er pålagde å jobbe etter den. Det seier pedagogane at dei gjer så godt dei kan, men dei føler at dei ikkje får nok tid til å jobbe med alle fagområda som står i rammeplanen (KD, 2017). Under kvart fagområde i rammeplanen står det tydeleg kva barnehagen skal jobbe med, kva barna skal lære/erfare/bli kjende med, og det står og kva personalet skal gjere for at barna skal få denne læringa/opplevinga/erfaringa (KD, 2017).

Pedagogisk leiar 2 svarta og at å vera bevisst sin eiga rolle, korleis ein er mot andre, korleis ein snakkar til barna og om barna er ein måte å jobba for å sikra god kvalitet. Ein må løfta opp det positive, gå framføre som eit godt eksempel, med eit pedagogisk grunnsyn som andre kan læra av. Det er i samsvar med det som Kvistad og Søbstad skriv i si bok om kvalitetsarbeid i barnehagen, at i arbeidet med kvalitetskriteriar i barnehagen må ein tenkja på dei ideala og verdiane som er nedfelte i rammeplanen og barnehagelova, samstundes som ein har klart for seg kva personleg grunnsyn ein har (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 31).

Fagarbeidar og assistent seier at deira måte å jobbe for å sikre god kvalitet, er å vera tett på barna så dei føler seg trygge. Trygge barn har stor betydning for trivsel og læring i barnehagen, står det i kapittel 2.3, det viser til Meld. St. 19 (2015-2016) Tid for lek og læring. Der står det blant anna at kvaliteten på samhandlinga og relasjonane mellom barn og vaksne, prosesskvaliteten, er særskild viktig for barna sin trivsel og læring. Forsking viser også at god kvalitet i barnehagen har mykje å seia for barna si språkutvikling og den generelle utviklinga, resultatkvaliteten (KD, 2016, s. 12). Fagarbeidar og assistent seier dei er oppteken av å ha ein god kommunikasjon med foreldre i levere og hente situasjonar. Fagarbeidar utdjuvar det og seier blant anna at : *«Det er tross alt dei som er ekspertar på sine barn, så me må høyra på kva dei har å sei»*. Eit godt foreldresamarbeid er viktig, viser til punkt 2.1 der det står om barnehagelova og rammeplanen der står det blant anna at: *«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning for allsidig utvikling»* (Barnehageloven, 2018, § 1). Eit tett samarbeid med heimen frå heile personalgruppa er viktig, det er ikkje berre pedagogen som skal ha den jobben. Det er ofte fagarbeidar eller assistent som er mest saman med barnet i løpet av dagen, og kan fortelja om kva barnet har gjort den dagen seier fagarbeidar.

På spørsmålet om korleis dei jobbar for god kvalitet spør fagarbeidar og om det får an å sei at ein tulla litt? For det er ho grådig god på, men ho veit og når det skal vera alvor seier ho. Kari Pape seier det i si bok frå 2002, ei gamal bok, men like aktuell, at *«å arbeide sammen med barn krever innlevelsessevne, innsikt, refleksjonsevne, kreativitet, omsorgsevne, evne til å lytte, evne til å anerkjenne, humor og glede»* (Pape, 2002, s. 67).

Noko anna som er viktig når ein jobbar i barnehage, er å reflektera. Eit av spørsmåla i intervjuet var nettopp om refleksjon, om barnehagen har ein reflekterande kultur. Og det meinte dei alle fire at dei hadde.

Pedagogane svarta at dei reflekterte mykje saman i dei ulike møta, som avdelingsmøte, møte for

pedagogiske leiarar og personalmøte. Fagarbeidar og assistent svara at dei reflekterte mykje på avdelingsmøta. Som nemnt i kapittel 2.6, må tilsette kunna reflektera over eigen kompetanse, tenkja over kva ein er god på, kva er kvalitetane i samspel med barn? Kva meistrar ein bra? (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 111). Assistent sa og at ho tykkjer det er viktig at kvar og ein reflekterer for seg sjølv, om kva ein gjer og kvifor ein gjer det, og det svara godt til det som Kvistad og Søbstad skriv, kva er ein god på ? Kva er kvalitetane i samspel med barn? (Kvistad og Søbstad, 2005, s. 111).

### **5.3 Kompetanse, kompetanseheving og engasjement**

Dei pedagogiske leiarane seier at dei tykkjer det er viktig med godt utdanna personale. Pedagog 1 seier at det er lettare å halde det faglege oppe dersom alle snakkar det same språket, og pedagog 2 seier at dei skulle gjerne hatt meir utdanna personale i barnehagen. Begge to seier at dei ikkje har noko i mot assistentane i barnehagen, men at det er viktig at dei har jobba nokon år, har god kompetanse med seg og er villige til å utvikle seg. Som Behrens og Skybakmoen skriv; for å ha god strukturkvalitet i barnehagen er det viktig å ha eit personale med høg kompetanse. Personalet må ha kunnskap om barna si utvikling, den pedagogiske verksemda og samfunnsmandatet som barnhagen har (Behrens og Skybakmoen, 2010, s. 225).

Fagarbeidar og assistent seier at det er viktig å ha nok personale med høg utdanning, men at det er like viktig å ha fagarbeidarar og assistentar. Fagarbeidar seier at ein assistent kan vera like god i arbeidet med barn som ein barnehagelærer, men det kan like fort vera omvendt. Ho tykkjer at det er viktig å ha alle inne, så ein kan utfylja kvarandre med den kompetansen ein har. Barnehagelova (Barnehageloven, 2018, § 17 og 17 a) set krav til formell kompetanse for styrarar og pedagogiske leiarar, men ikkje for anna personale. Men i forskrift om pedagogisk bemanning dispensasjon i barnehagar (Barnehageloven, 2018, §1 Norm for pedagogisk bemanning) står det at barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk bemanning, minst ein pedagogisk leiar per sju barn under tre år, og ein pedagogisk leiar per fjorten barn over tre år. Slik vil det bli meir pedagogisk personale enn det var før denne forskrifta tredde i kraft.

Kompetanseheving seier alle fire informantane at det er, men det kunne vore meir. På enkelte planleggingsdagar er det kurs, men det vert ikkje jobba med i etterkant, så det vert fort gløymt. Pedagog 2 og fagarbeidar seier at dei får nok delta på ulike kurs, om dei sjølve fylgjer med og finn kurs dei vil gå på. Elles er og etterutdanning aktuelt for nokon seier pedagog 2. Som det står i kapittel 2.5 er ein del av kompetansestrategien 2018-2022 (KD, 2017, s. 7), at alle tilsette i barnehagen skal ha moglegheit til etterutdanning. Det er og eit mål at delen av barnehagelærarar skal aukast, det same med delen av barne- og ungdomsarbeidarar. Eit mål er og at det skal koma inn ein del barnehagelærarar med mastergrad i tillegg til barnehagelærarar med bachelor (KD, 2017, s. 7). Barnehagen er og ein lærande organisasjon, så alle medlemmene i organisasjonen skal stadig henta inn ny lærdom ,og bruka denne kunnskapen til å skaffa

seg endå meira kunnskap. Det er stadig nye krav og utfordringar ein skal vera i stand til å møte, det krev at dei tilsette stadig utviklar kompetansen sin (KD, 2009, s. 29).

Er alle engasjerte i jobben sin? Pedagogane svara ja på det, medan assistent ler og seier at det går no an å bli for engasjert og, men ho legg til at dei fleste er nok engasjerte, men kanskje ikkje alle. Fagarbeidar seier nei, men føyer fort til at dei fleste er det. Ho seier at for å ha god kvalitet i barnehagen, må dei tilsette lika å jobba med barn og ikkje berre ha jobben for å ha ei inntekt og ein plass å vera. Det vert det dårleg atmosfære av, og fører til meir arbeid for dei andre og dårleg kvalitet. Kari Pape seier at det å arbeide med barn krev vaksne som kan leve seg inn i leiken, reflektere og ha omsorg for barna, vaksne som kan lytta og anerkjenne og som har humor og glede (Pape, 2002, s. 67). Det krev engasjement frå personalet for å få god prosesskvalitet, som er utruleg viktig, det må gode relasjonar og samhandlingar til mellom barna og dei vaksne for å få det (Udir, 2017).

#### **5.4 Kommune og stat, tek dei ansvar? Kva meiner informantane?**

På spørsmål om kommunen tek ansvar for kvaliteten i barnehagen, er det to som svarar tvert nei, og to som nøler og svarar at dei gjer sikkert så god dei kan. Pedagog 2 og assistenten er dei som nøler, og svarar at dei gjer sikkert så godt dei kan, og pedagog 2 grunnar det med at dei har sikkert avgrensa med midlar og stramme budsjett. Assistenten seier og at ho lurar på kor mykje dei veit om kva som skjer i barnehagen, for dei er sjeldan å sjå i barnehagen. Viser til kapittel 2.1 der det står at rammeplan (2017) seier at barnehageeigar, som er kommunen i informasjonsbarnehagen, har det juridiske ansvaret for kvaliteten på barnehagetilbodet (KD, 2017, s. 15). Difor tykkjer pedagog 1 og fagarbeidar at det er skuffande at dei ikkje gjer meir for barnehagane, pedagog 1 seier at ho ofte må vera på avdeling i staden for å ta plantid på grunn av manglande personale, budsjett til vikarar er ikkje godt nok.

Er bemanningsnorma god nok? Her svarar alle fire informantane nei. Pedagog 1 seier at den ser fin ut på papiret, men den fungerer ikkje i kvardagen. Den tek ikkje omsyn til at ein startar på jobb til ulike tidspunkt, alle skal ha pausar, pedagogane skal ha plantid og det er avdelingsmøter, møter for pedagogiske leiarar, og andre møter som stel personale vekk ifrå avdelingane, men ho legg og til at den nye pedagognorma er fin. Som det står i kapittel 2.7 skal det vera ein pedagogisk leiar på sju barn under tre år, og ein pedagogisk leiar på fjorten barn over tre år. Statsminister Erna Solberg uttalte seg i haust at ho vil ikkje gjera noko meir med bemanningsnorma, no skal dei fyrst jobba for å få inn nok barnehagelærarar til å dekkja pedagognorma, helst komma opp i 50% med barnehagelærarar (Jelstad, 2019). Noko som pedagogane ytra ynskje om på spørsmålet om kompetanse, kapittel 4.5 og 5.3. GoBaN forskinga som det står skrive om i kapittel 2.7, har forska på nettopp dette, korleis det er i barnehagar der det er 50 % barnehagelærarar. Den forskinga viser at det er ei utfordring med plantida, barnehagelærarane har krav på 4 timar plantid i veka, men det har

ikkje fagarbeidarar og assistentar. I tillegg gjekk det ut over sjølvverdet til dei andre tilsette når det var så stort fokus på barnehagelærarane over lengre tid. Men alt var ikkje berre negativt, barnehagelærarane var gode rollemodellar for dei andre tilsette som tok lærdom av samspelet mellom barna og barnehagelærarane, og det var meir fagkunne i det direkte arbeidet med barna. Også i arbeidet utanom det direkte arbeidet med barna var det meir fagkunne og faglege diskusjonar (Bjørnstad og Kleppe, 2019, s. 11-12).

## 6.0 Avslutting

I utgangspunktet skulle denne oppgåva handle mest om prosesskvalitet, men utover i skriveprosessen viste det seg å vera vanskeleg. For å ha ein god prosesskvalitet, så må strukturkvaliteten vera til stades, og det vart vanskeleg å skriva om prosesskvalitet utan å nemna strukturkvalitet, og resultatkvaliteten er resultatet av strukturkvalitet og prosesskvalitet, og måtte og nemnast i oppgåva. Det er nok prosesskvalitet og resultatkvaliteten dei fleste tenkjer på når ein tenkjer kvalitet i barnehage? Det var og vanskeleg å velje teori, det var så mykje å velje mellom, og så mykje som skulle vore med.

« *Kva er god kvalitet i barnehagen, og korleis kan personale jobbe for å sikre god kvalitet?* » var problemstillinga, kvalitativ metode vart brukt for å svare, der fire stykke frå ein barnehage vart intervjua og alle fekk same spørsmåla.

Informantane var alle oppteken av kvalitet i barnehagen, men på litt ulike måtar, og det var ikkje uventa. Pedagogisk leiar 1 var mest oppteken av det pedagogiske arbeidet, og kunna dokumentera arbeidet som vert gjort, slik som Behrens og Skybakmoen seier, personalet må ha kunnskap om barna si utvikling, det pedagogiske arbeidet og samfunnsmandatet barnehagen har (Behrens og Skybakmoen, 2010, s. 225). Pedagogisk leiar 2 var oppteken av det pedagogiske arbeidet og relasjon til barna, og fagarbeidar og assistent var oppteken å vera tett på barna, så dei føler seg trygge og kan læra og utvikla seg som dei skal slik som det står i stortingsmelding 19, tid for lek og læring (2015-2016). Der står det at det er forska på resultatkvaliteten, og det viser at strukturkvaliteten og prosesskvaliteten har mykje å seie for kvaliteten i barnehagen, er begge desse på plass vert resultatkvaliteten bra, barna trivest og lærer, og god kvalitet i barnehagen er særst viktig for språkutviklinga til barna i tillegg til den generelle utviklinga (KD, 2016, s. 12).

For å sikre god kvalitet i barnehagen, seier pedagogane at dei bruker rammeplanen (KD, 2017) i planlegging av halvtårsplanar og årsplanar og ut i frå dei, månadsplanar, for den er styringsdokument for barnehagen. Rammeplanen (KD, 2017) er tydelig på kva personalet skal gjere for å sikre ein god kvalitet i barnehagen,

under kvart fagområde står det kva barnehagen skal bidra til at barna lærer/erfarer/blir kjende med, og kva personalet skal gjere (KD, 2017).

Kvalitet i barnehagen er særst viktig å jobbe med, og det er godt å sjå at regjeringa tek det alvorleg og stadig jobbar med det, som til dømes kompetansestrategien 2018-2022(KD, 2017).

## Litteraturliste:

Barnehageloven, (2018). Barnehageloven (Lov om barnehager) av 27.juni 2005 nr 64, Oslo: Cappelen Damm.

Barne- og familiedepartementet. (1999) *Barnehage til beste for barn og foreldre*. (St. Meld. 27. 1999-2000) henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-27-1999-2000-/id133808/> 27.10.19

Behrens, A. og Skybakmoen, H. (2010). *Ledelse i barnehagen*. I Kvello, Ø. (red). (2010). *Barnas barnehage 1*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Bjørnstad, E. og Kleppe, R. (2019) *Økt barnehagelærertetthet og hverdagskvalitet i barnehagen*. Henta frå: <https://skriftserien.hioa.no/index.php/skriftserien/article/view/642/160>

Borg, E. (2008). *Hva menes med kvalitet i barnehagen?* (s. 13-15). I Borg, E. Kristiansen, I.H. og Backe-Hansen, E. (2008) *Kvalitet og innhold i norske barnehager*. Henta frå [http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb\\_overfordokument\\_7597\\_Eval\\_0/pdf](http://evaluering.nb.no/eval-utlevering/innhold/URN:NBN:no-nb_overfordokument_7597_Eval_0/pdf)

Christoffersen. L. og Johannessen. A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag AS.

Dalland, O. (2017) *Metode og oppgaveskriving*. (6.utgave). Oslo: Gyldendal.

Gundersen, D& Halbo, L. (2018, 28. mai). Kvalitet. I Store norske leksikon. Henta frå <https://snl.no/kvalitet> 13.09.19

Jelstad, J (2019. 06. november) Erna Solberg kan ikke love mer bemanning i barnehagene. *Utdanningsnytt*. Henta frå: <https://www.utdanningsnytt.no/barnehagelaerer-bemanning-bemanningsnorm/erna-solberg-kan-ikke-love-mer-bemanning-i-barnehagene/218931> 06.12.19

Kunnskapsdepartementet, (2009). *Kvalitet i barnehagen*.(St. meld. nr. 41, 2008 – 2009). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/sec1> 27.10.19

Kunnskapsdepartementet. (2012). *Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning*. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2012/forskrift\\_rammeplan\\_barnehagelaere\\_rutdanning.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/rundskriv/2012/forskrift_rammeplan_barnehagelaere_rutdanning.pdf) 29.10.19



Kunnskapsdepartementet, (2016) *Tid for lek og læring* (Meld. St. 19 (2015-2016)). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm201520160019000dddpdfs.pdf> 11.10.19

Kunnskapsdepartementet, (2017). *Kompetanse for fremtidens barnehage*. Henta frå: [https://www.regjeringen.no/contentassets/7e72a90a6b884d0399d9537cce8b801e/kompetansestrategi-for-barnehage-2018\\_2022.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/7e72a90a6b884d0399d9537cce8b801e/kompetansestrategi-for-barnehage-2018_2022.pdf) 27.10.19

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Kvistad, K. og Søbstad, F. (2005). *Kvalitetsarbeid i barnehagen*. Oslo: Cappelen Forlag

Larsen, A.K. og Slåtten, M.V. (2017). *En bok om oppvekst*. (4. utgåve). Bergen: Fagbokforlaget.

NOU 2012:1 (2012). *Til barnas beste*. Kunnskapsdepartementet. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2012-1/id669113/sec1> 11.10.19

Pape, K. (2002). *Fra ord til handling fra handling til ord*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

Utdanningsdirektoratet (2017, 14. juni), *Kva er kvalitetsutvikling i barnehagen?* Henta frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitet-i-barnehagen/hva-er-kvalitet-i-barnehagen/> 11.10.19

## Vedlegg 1:

### Spørsmål om kvalitet i barnehage:

#### Kva er kvalitet i barnehagen

1. Kva meiner du er god kvalitet i barnehagen?
2. Kvifor treng me god kvalitet i barnehagen?

#### Korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet?

3. Rammeplanen er eit styringsdokument for å sikra god kvalitet i barnehagen, er det eit dokument som er mykje i bruk i din barnehage? Tenker du over kva som står i den i ditt daglege arbeid i barnehagen?
4. Har du nokre metodar du brukar for å sikre god kvalitet i barnehagen?
5. Har barnehagen ein reflekterande kultur?

#### Har kompetanse noko og seie? Korleis vert det jobba med kompetanseheving?

6. Syns du kompetansen til personalet har noko å seie for kvaliteten i barnehagen?
7. Vert det jobba med kompetanseheving i din barnehage? Korleis? Kva? Kvifor
8. Opplever du at alle i personalet er engasjert i jobben sin? og jobbar for å ha ein god kvalitet i barnehagen? Beskriv korleis

#### Tar kommune og stat ansvar?

9. Opplever du at det kommunen tek sin del av ansvar for kvaliteten i barnehagen? Korleis?
10. Tykkjer du bemanningsnorma er god nok? at ein får tid til å jobba for ein god kvardag for alle barna?

## VEDLEGG 2:

Informasjon om intervju i høve bacheloroppgåva mi, hausten 2019

Eg studerer til barnehagelærer ved HVL, og skal i haust skrive bacheloroppgåve.

Problemstillinga mi er: Kva er god kvalitet i barnehage og korleis jobbar personalet for å sikra god kvalitet?

I den forbindelse ynskjer eg å intervju 2 pedagogiske leiarar og 2 assistentar i barnehagen dykkar for å få svar på problemstillinga mi.

Eg har om lag 10 spørsmål, det vil bli nytta bandopptakar og gjort korte notat. Opptaket vil bli sletta etter at teksten er transkribert. Alle skriftlege notat vil verta sletta når oppgåva er godkjent (innlevering 07.01.20).

Alle informantar vil vera anonyme, all informasjon blir behandla konfidensielt og anonymisert.

Informantane kan få lese oppgåva når den er ferdig om dei ynskjer det.

Deltakinga i studiet er frivillig, informert samtykke inneber at samtykke kan trekkast tilbake så lenge arbeidet med oppgåva pågår, utan at du treng å grunngje.

Rettleiar på oppgåva er Astrid Reidun Berglid Bakken, e-post: Astrid.Reidun.Berglid.Bakken@hvl.no.

Eg ynskjer å gjennomføra intervju tysdag og eller torsdag i veke 42 dersom det let seg gjera, eventuelt i veke 43. Eg tek kontakt for nærmare avtale om tidspunkt

Med venleg helsing

Kristin Bendiksen Haugland

kr-ben@frisurf.no

95828379